



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Andreea Beleuta

Arkivsak nr.: 2016/445

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Formannskapet

MÅNADSRAPPORT FEBRUAR 2016

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapporten for februar 2016 vert teken til vitende.

1 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

Frie inntekter

	2016
Rammetilskott	244 498 000
Skatteinntekter	212 524 000
Sum frie inntekter	457 022 000

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige

kommunane. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert. Volda kommune har skatteinntekter på 27,35 mill kr ved utgangen av februar, og er noko meir enn det budsjetterte beløpet for same periode.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 457 mill kr. i 2016. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 457,4 mill kr ved årets slutt for Volda kommune.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 16 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Eigedomskattekontoret har utarbeidd prognose som indikerer at inntektene frå eigedomsskatt vert ca 17 mill kr i 2016.

Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2016:

Generelle statstilskot	2016
Integreringstilskott	25 825 000
Gr.97/investering i skulebygg	1 311 082
Omsorg	3 144 829
Kyrkjebygg	65 309
Sum	30 346 220

Det vert utarbeidd ei oppdatert prognose for integreringstilskott i 1. tertialrapport 2016. Men slik det ser ut no, så vil det ligge veldig tett opp til det budsjetterte beløpet. Husbanken har dei andre tilskota klare tidleg i haust.

Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettert med følgjande utgifter på finansområdet i 2016:

	Budsjett 2016
Renteutgifter (inkl startlån)	18 073 000
Avdrag	25 000 000
Sum finansutgifter	43 073 000

Renteutgifter

Det er budsjettert med kr 17.273.000 i renteutgifter på våre investeringslån (kr 800.000 i renteutgifter på Startlån kjem i tillegg). Prognose viser at renteutgiftene vert ca kr 800.000 mindre enn budsjettert.

Minimumsavdrag

Det vart opphavleg budsjettert med 25 mill i minimumsavdrag for 2016. I mai vil ein rekne ut det som vert det endelege minimumsavdraget for i år.

Finansinntekter

	2016
Renteinntekter formidlingslån	600 000
Ordinære renteinntekter	1 500 000
Utbytte Tussa	3 000 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m.	1 500 000
Sum	6 600 000

Renteinntekter

Ved utgangen av mars, så har vi fått kr. 328.000 i renteinntekter, og kjem truleg til å nå det budsjetterte beløpet.

Plasseringar i obligasjonsfond m.m.

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av februar hadde plasseringane ein samla marknadsverdi på ca 56,6 mill kr, og er ei reduksjon på omlag kr.55.000 hittil i år.

Utbytte Tussa

Kva vi får i utbytte frå Tussa er enno ikkje klart. Det er budsjettert med eit utbytte på 3 mill kr.

2 BUDSJETTSKJEMA 1B

Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av februar. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

Tekst	Rekneskap 2016	Periodisert budsjett 2016	Opprinneleg budsjett 2016	Rekneskap 2015
Rådmann	498 712	302 558	1 660 059	283 227
Samfunn og rådgjeving	376 681	272 744	1 480 272	241 817
Personal og løn	1 260 870	1 187 709	6 535 879	1 314 630
IKT	396 761	889 066	5 121 646	519 241
Innvandring	157 194	191 407	1 105 927	-337 621
Personal og organisasjon	1 814 825	2 268 182	12 763 452	1 496 250
Økonomi	1 637 277	1 227 074	6 753 769	1 475 347
NAV Kommune	972 140	1 359 699	8 158 196	1 628 700
Stab opplæring og oppvekst	9 048 469	5 900 549	18 745 285	9 517 942
Helsestasjon	1 068 607	1 109 370	5 997 443	805 625
Barnehage	5 536 359	6 662 095	36 452 709	5 059 342
Grunnskule med SFO	18 909 313	20 115 616	110 012 753	18 653 853
Kulturskule	738 617	784 281	3 256 121	747 323
Volda læringscenter	3 863 794	3 974 272	22 561 715	2 897 260
Opplæring og oppvekst	39 165 159	38 546 183	197 026 026	37 681 345
Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester)	765 395	3 348 784	7 424 309	256 166
Sjukeheim 2. etasje	4 844 423	4 937 516	27 157 396	4 618 625
Sjukeheim 3. etasje	4 276 092	4 389 870	24 175 825	4 149 937
Heimetenester	3 030 760	3 238 178	17 751 537	2 877 174
Heimetenester omsorgsbustader	5 983 041	5 993 364	32 964 008	6 020 122
Rus og psykisk helseteneste	3 349 473	2 800 851	15 266 006	2 867 702
Tenesta for funksjonshemma	2 551 450	2 044 842	11 001 316	2 029 572
Butenesta for funksjonshemma	5 157 138	5 699 057	31 345 201	5 042 021
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	3 110 344	2 712 282	15 131 513	3 064 379
Helse og omsorg	33 068 116	35 164 745	182 217 111	30 925 698
Kultur	764 747	924 836	5 162 953	1 044 116
Servicekontor	1 257 702	974 692	5 441 764	966 352
Service og kultur	2 022 450	1 899 529	10 604 717	2 010 468
Politisk verksemd	527 585	455 269	2 695 392	342 929
Drift og anlegg	3 463 629	1 774 384	9 943 106	2 378 514
Brann	1 384 520	1 276 794	7 306 154	855 194
Eigedom	3 197 836	2 458 088	13 914 169	2 387 281
Teknisk	8 045 986	5 509 266	31 163 429	5 620 989
Sjølvkosttenester	1 382 721	274 150	0	1 217 932
Plan	466 445	596 905	3 324 205	417 061
Landbruk	306 933	218 859	1 313 151	282 656
Kart, oppmåling og byggesak	784 118	292 266	1 371 774	823 089
Utvikling	1 557 496	1 108 030	6 009 130	1 522 807
Barnevern	812 660	3 842 496	18 539 580	272 421
SUM SEKTORANE	91 881 807	92 229 926	479 071 133	84 719 931
Felles utgifter og inntekter	1 575 102	-448 038	-2 688 230	1 819 074
Sum inkludert felles utgifter og inntekter	93 456 908	91 781 887	476 382 903	86 539 005
Finansrådet, statsilskott og frie inntekter	-72 031 192	-77 261 390	-476 382 903	-69 334 963
SUM HEILE KOMMUNEN	21 425 716	14 520 497	0	17 204 041

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av februar.

- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av februar
- Kolonne 3 viser budsjettet for heile året (2016).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2015.

Sektorane har ved utgangen av oktober eit forbruk på kr. **91 881 807** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **92 229 926** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 350.000 kroner under budsjettert forbruk ved utgangen av februar. Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag 1,7 mill. kroner meir enn budsjettert ved utgangen av februar.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av februar har ei netto utgift på kr. **21 425 716**. Dette er omlag 6,9 mill kr meir enn budsjettert for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

Personal og organisasjon

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Økonomi

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Opplæring og oppvekst

Basert på månadsrapporten for februar 2016, reknar Opplæring og oppvekst å gå i balanse ved utgangen av året.

Rapporten for februar viser eit meirforbruk i høve til periodisert budsjett. Årsaka til dette skuldast at utbetaling av budsjetterte statlege overføringar er forseinka.

Helse og omsorg

Forbruket ved utgangen av februar er ca 2,1 mill kr mindre enn periodisert budsjett. Dette er forventet ettersom det er vedtekne tiltak på driftsbudsjettet for 2016 som enno ikkje er sett i verk.

Sektoren reknar med å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

”Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr.29.feb. I kolumna til høgre er vist dei tenesteområda med forventa høgst meirforbruk v/ årsslutt:

Tenesteområde	Meirforbruk	Mindreforbruk
Stab og service		2.894.000,-
Institusjonsteneste 2.etg		93.000,-
Institusjonsteneste 3.etg		114.000,-
Sentralkjøkken	310.000,-	
Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd		207.000,-
Heimetenester, omsorgsbustader		10.000,-
Rus- og psykisk helseteneste	549.000,-	
Hamna Dagsenter	205.000,-	
Avlastingsteneste barn og unge	301.000,-	
Buteneste for funksjonshemma		542.000,-
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	398.000,-	
Samla	1.453.000	3.550.000,-
Differanse		2.097.000,-

Mange av tenestene har forventa inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav pr 2 mnd er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett. Desse inntektene er altså ikkje bokførte.

Tenesteområde	SUM
Felles kommuneoverlege:	125.000,-
Førebygging, rehab, legeten.	904.000,-
Samla	1.029.000,-

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- Stab og service: Rekneskapsmessig vert variabel løn for desember 2015 belasta jan.2016. For at dette skal verte korrekt, er tilsvarende beløp ført som inntekt. Tidleg på året vil effekten av dette vere stor, men jamnar seg til fleire månader som går.
- Institusjonsteneste: Både 2. og 3 etg har mindreforbruk så langt. For andre etg har dette ei hovudårsak. Til tross for utfordrande åtferd har budsjettstyrkinga til 2016 dekt meirkostnader. Ein er uroa over stigande sjukefråvær, spesielt i 3 etg. Fråværet er i all hovudsak langtidsfråvær.
- Sentralkjøkkenet: I rapport pr. 29.02 viser kjøkkenet eit meirforbruk på 310.000,- Oppdaterte agressotal, ajourførte pr utgang februar, viser eit mindreforbruk på ca. 140.000,-. Tidleg på året kan store utgifter på mindre områder fort gi store feilmargar.
- Heimetenestene: Ingen spesielle kommentarar.
- Døgnbemanna bustader for eldre: Ingen særskilde kommentarar.
- Rus- og psykisk helseteneste: Meirforbruk, ein del av dette er knytt til tiltak der ein ikkje lenger vil få refusjonsinntekt frå anna kommune, men har tenesteansvar for personen. Tre utflyttingar og tre nye bebuarar i døgnbemanna tilbod, gjer det vanskeleg å ta bemanninga ned, til tross for at ein har tapt refusjonsinntekter.
- Hamna Dagsenter: Styrking med 60% stilling frå 2016 er ført på feil ansvarsnummer. Dette er hovudforklaring på det tidlege meirforbruket.

- Avlastingssteneste for barn og unge: Tiltaket vart styrka til 2016 med 750.000,-. Ein finn meirforbruket derfor urimeleg (høgt). Ein vil sjå nærmare både på styrkinga og forbruket på dette området.
- Buteneste for funksjonshemma: Vart styrka til 2016 og har no mindreforbruk. Det er likevel sett fokus på noko variabel løn som eininga må jobbe med for å unngå.
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattelegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. I tabell to viser ein manglande refusjonar på to av områda i denne eininga. Dette gir samla eit anna bilete av stoda så langt

Det er tidleg på året. Dette kan gi store utslag når ein samanliknar forbruk med periodisert budsjett. Ferievikarposten har lite forbruk så langt i år, men i periodisert budsjett vil denne likevel ha ein viss storleik. På andre områder kan store kvartalsvise innbetalingar gi høgt forbruk som vil jamne seg når fleire månader har passert. Etter to månader ligg ein likevel i med eit lite mindreforbruk, ein god tendens for sektoren.”

Service og kultur

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Teknisk

Det har vore fråvær av nøkkelpersonell dei siste månadene, og situasjonen er difor noko uavklart. Ein kjem tilbake til ei grundigare analyse i neste rapport.

Utvikling

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Barnevernstenesta

Slik stoda er no i tenesta/talet på barn med tiltak, ligg ein innafor budsjetttramma.

NAV

Basert på tala så langt i år, forventar NAV å vere i balanse ved slutten av året.

3 OPPSUMMERING

Her er ei kort oppsummering av driftssida ved utgangen av februar :

Frie inntekter

Prognose for frie inntekter ligger veldig tett opp til det budsjetterte beløpet.

Generelle statstilskot

Det vert utarbeidd ei oppdatert prognose for integreringstilskott i 1. tertialrapport 2016. Men slik det ser ut no, så vil det ligge veldig tett opp til det budsjetterte beløpet. Husbanken har dei andre tilskota klare tidleg i haust.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 16 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Eigedomskattekontoret har utarbeidd prognose som indikerer at inntektene frå eigedomsskatt vert ca 17 mill kr i 2016.

Finans

Prognosen for renteutgifter viser ca kr 800.000 mindre enn budsjettert. Minimumsavdraget for 2016 kjem ein tilbake til ved handsaminga av 1. tertialrapport.

Sektorane

Det er knytt usikkerheit til situasjonen på Teknisk. Ingen av dei andre sektorane melder forventa avvik ved slutten av året.

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

- Sektor og stabsleiarar
- Marija Ostojic
- Andreea Beleuta
- Gunnar Lillebø